



Årsmelding Hafslø idrettslag 2022



Innhald

Sakliste til årsmøte 2023	3
Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2022	4
Årsmelding frå stadionstyret	10
Årsmelding hoppgruppa	11
Årsmelding alpint og freeski	12
Årsmelding fotballgruppa	14
Årsmelding barneidrett	17
Årsmelding trimgruppa	18
Årsmelding handballgruppa	19

Sakliste til årsmøte 2023

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Val av møteleiar og skrivar
5. Val av to medlemar til å skriva under møteboka
6. Årsmelding frå styret
7. Årsmelding frå gruppene
8. Rekneskap
9. Fastsetjing av medlemskontingent
10. Budsjett
11. Innkomne saker
12. Val

Oppdatert sakliste med aktuelle saksdokument vert gjort tilgjengeleg på heimesida vår, www.hafslo-il.no, seinast måndag 20. februar 2023.

**Vel møtt til årsmøte for Hafslo IL på Eikum Hotell,
måndag 27. februar 2023 kl. 19!**



Årsmelding frå styret i Hafslo IL 2022

Styret

Leiar: Ove Midtbø

Styremedlem/økonomikontakt: Birthe Johanne Fredheim Finstad

Styremedlem/medlemsansvarleg: Erna Hamrum

Styremedlem: Sandhya Karlsen Holene

Styremedlem: Anne Perlaug Fossøy

Styremedlem: *

1. varamedlem: *

2. varamedlem: Arthur Bremer Brynjulfsen

Særgruppene

Fotballgruppa

Norill Terese Norheim, leiar

Karita Nes, Elin Anette Hillestad, Camilla Bremer, Jan Erik Røneid, Hans Olav Hellesøe, Ann Kristin Torgersen (miniputtansvarleg)

Trimgruppa

Terje Brunborg, leiar

Katrin Lægreid Nes, Adrianne Kvam, Monica Heggstad, Sandra Nesse Søhoel, Kjell Arild Høyum

Hoppgruppa

Jon Ove Lomheim, leiar

Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie, Ole Johnny Sie, Geir Afdal

Barneidrettsgruppa

Ann-Kristin Gjerde, leiar

Terje Brunborg, Janne Kjørlaug Grønbech

Handballgruppa

Sandhya Karlsen Holene, leiar

Anne Lena Sygna Halleråker, Monika Reime

Alpintgruppa

Lars Olav Halleråker, leiar

Nils Petter Solheim, Lars Håkon England

Orienteringsnemnd

Ove Oklevik

Langrennsnemnd

Per Fridolf Hillestad

Stadionstyret

Birger Moene, leiar

Bjarni H. Valsson, Jonas Midtbø, Tore Ørbeck, Rolf Johan Stranden

Lerum cup-nemnd

Geir Afdal, leiar

Ove Midtbø (representant frå hovudstyret), Karita Nes (representant frå fotballgruppa), Sverre Kjos-Wenjum, Birger Moene

Kiosknemnd: Karita Nes, Erna Hamrum, Ann Kristin Torgersen

Marknadsnemnd

Ove Midtbø (frå hovudstyret), Margrete Sjøhoel Røneid, Ann-Elisbeth Skjerven, Stine Solvi, Anne Therese Moen

Friidrettsutval

Trimgruppa

Skøyteutval

Terje Kalhagen, Per Ivar Lomheim

Ungdomskontakt i hovudstyret

Peder Olai Hillestad

Kontrollutval

Gerd Westby, Hermann Odd Stein

Luster idrettsråd

Ove Midtbø (leiar), Norill Terese Norheim (styremedlem), Geir Arne Kvam (leiar kontrollutvalet), Erna Hamrum (valnemnd)

Nemnd for fleirbrukshall Hafslø

Eirik Hoem

Nemnd for stolpejakt Luster kommune

Ove Midtbø

Hestesportnemnd

Svein Solheim, Harald Hess

Kajakknemnd

Hovudstyret

Valnemnd

Hovudstyret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2022.

Møte, tilstellingar og saker i 2022

Det har vore sju styremøte, fire av dei utvida styremøte med gruppeleiarane. I tillegg har styret handsama to enkeltsaker via e-post og hatt dialog per e-post og telefon ved behov.

Ove Midtbø og Jon Ove Lomheim representerte Hafslø IL på årsmøtet til Luster Idrettsråd 28. juni.

Ove Midtbø representerte Hafslø IL på den ordinære generalforsamlinga til Sogn skisenter 24. mai og på ekstraordinær generalforsamling 27. oktober. Den ekstraordinære vart gjennomført via Teams.

Norill Terese Norheim deltok på miljøhelga for NFF Sogn og Fjordane 27. november.

Styret har handsama 47 saker på ordinære styremøte. Det har stort sett vore vanlege styremøtesaker. I tillegg har vi handsama to «hastesaker» per e-post/telefon.

Det har vore god kommunikasjon mellom hovudstyret og særgruppene om saker gjennom året. Inntrykket vårt er at særgruppene arbeider godt og sjølvstendig når det gjeld saker i gruppene.

Medlemstal

Vi hadde 680 medlemmer per 31. desember 2022. Det er 16 fleire enn same tid i fjor. 321 medlemmer var under 20 år, og 436 medlemmer var i familiemedlemsskap.

Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund i 2022:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund

Økonomisk resultat

Endeleg årsrekneskap for 2022 syner eit underskot på 108 559 kr. Det er likevel mykje betre enn venta, då vi har gjort betydelege investeringar i 2022. Dette gjeld mellom anna innkjøp av løypekøyringsutstyr i samband med kjøp av preppemaskin ved Sogn skisenter (300 000 kr), tilskot til spelemiddelsøknad for sprint-, rulleski- og snøproduksjonsanlegg ved Sogn skisenter (200 000 kr) og utgifter til kommunal vasstilkopling i Moane (91 000 kr).

Økonomien til Hafslø IL er framleis god og stabil. Det skuldast mellom anna faste årlege inntekter gjennom gode sponsorar, offentlege tilskot og støtteordningar, medlemsskap og treningsavgift. I år vart også Lerum Cup arrangert for første gong sidan 2019, noko som bidrog til eit flott økonomisk overskot. Vi kan også nemne at den årlege haustmarknaden gir oss ei viktig inntekt.

Drifta i idrettslaget er god og økonomisk forsvarleg, og vi har avtale og tett dialog med Sogn Rekneskapskontor AS om føring av rekneskapen. Vi får tilsendt månadlege økonomirapportar frå rekneskapskontoret, som gjer at vi har god oversikt og kontroll til ei kvar tid.

Detaljar om rekneskapen for 2022 ligg i rekneskapsoversynet, som vert lagt fram på årsmøtet.

Mottekne midlar

Avtala med hovudsponsoren vår, Luster Sparebank, er svært viktig og gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre. I 2022 har vi reforhandla sponsoravtala for den neste fireårsperioden (2022–2025), der årleg beløp har auka i tråd med medlemsvekst og aktivitet.

Luster Sparebank støttar oss også på andre måtar gjennom året, mellom anna med gevinst til haustmarknaden. Like før jul fekk alle idrettslaga Luster Sparebank er hovudsponsor for ei flott gåve, der banken dekkjer medlemsavgifta og andre aktivitetar for born og unge i alderen 0–18 år i 2023. Hafslø IL fekk 200 000 kr, noko som er eit flott økonomisk bidrag som vi set stor pris på. Vi håpar dette bidreg til rekruttering av mange born og unge til aktivitetane våre. Hafslø IL er takknemlege for å ha Luster Sparebank som hovudsponsor og ser fram til vidare samarbeid.

Sponsoravtala vi har med NTP Avery Dennison gir oss også viktige inntekter, i tillegg til god hjelp med bestilling og trykking av sponsormerke på klubbkleda våre gjennom året. Avtala går fram til 31. desember 2023, og vi ser fram til å halde fram det gode samarbeidet.

Gjennom sponsoravtala vår med Intersport Sogndal, får idrettslaget gode tilbod og hjelp til å bestille klede og utstyr. Intersport Sogndal sponsa også i år hovudpremien på 6000 kr på haustmarknaden. Avtala er viktig for idrettslaget og medlemene våre, og vi ser fram til vidare samarbeid med Intersport Sogndal.

I tillegg til midlar frå sponsorane våre, får vi viktige årlege tilskot frå Luster kommune gjennom ordninga med tilskot til kulturføremål. Vi får også gode økonomiske bidrag frå Norsk Tipping (grasrotandel) og Norges Idrettsforbund (LAM-midlar og mva-refusjon). I år har vi også fått støtte til delvis dekning av auka straumutgifter gjennom staten si kompensasjonsordning for dette.

Også i år fekk vi gjennomført haustmarknad som planlagt 12.–13.november 2022. Takk til alle som bidrog med organisering, loddsal og anna dugnad før, under og etter. Ikkje minst takk til alle som sponsa oss med premiar, og som gjorde at vi fekk eit flott økonomisk overskot.

Vi har også mange bedrifter og andre støttespelarar i nærområdet som bidreg på ulike måtar gjennom året, med til dømes skiltreklame i Moane, dugnadar for vedlikehald m.m.

Styret takkar sponsorar, støttespelarar og alle andre som har vore med å støtte oss i 2022.

Anlegg

Anlegga våre har generelt god kvalitet. Gruppene og stadionstyret utfører vedlikehald jamleg, og mange legg ned ein stor og viktig innsats gjennom året for å sikre naudsynt drift og vedlikehald. For nærare detaljar om drift og vedlikehald i 2022, viser vi til årsmeldinga frå stadionstyret.

På anleggsfronten har det skjedd mykje i 2022. Hoppbakkane for K10 og K19 er framleis under bygging, men nærmar seg ferdigstilling ved Sogn skisenter. Det skal leiar av hoppgruppa, Jon Ove Lomheim, ha ein stor del av æra for. Det var veldig kjekt då dei nye rekrutteringsbakkane kunne opne med første renn 5. mars. Dette er første steg for å erstatte hoppanlegget i Kvamsbakken.

I juni 2022 fekk vi endeleg på plass kommunal vassforsyning og reint drikkevatt på anlegget i Moane, i tid til Lerum Cup 2022. Det har vore ei utfordring i mange år, og vi er veldig takknemlege for jobben Lars Magne Norheim gjorde for å få dette på plass. Det er heilt avgjerande for aktivitet at idrettslaget tilbyr reint drikkevatt i Moane i fotballsesongen. Den kommunale vassforsyninga er ei mellombels løysing, som grunna fare for frost må koplast frå om vinteren. Vi håpar Luster kommune følgjer opp og etablerer brannhydrant ved klubbhuset så snart som råd, slik at vi får ei permanent løysing med reint drikkevatt og god brannberedskap i Moane heile året.

Hafslo IL har ein godkjent spelemiddelsøknad for lysanlegg på Hafslo stadion i Moane. Det har teke lenger enn venta tid å inngå avtalar med leverandørar og entreprenørar. Styret vil prøve å få inn fleire ressurspersonar som kan bidra, slik at anlegget er på plass før haustsesongen 2023.

Hafslo IL er også involvert i fleire anlegg som er etablerte og som er under etablering på Hafslo. Vi har mellom anna hatt eit godt samarbeid med skulen, Luster kommune og andre lag og organisasjonar om utvikling av uteområdet ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Vi takkar Hafslovatnet 4H, Hafslo bygdelag og andre organisasjonar for samarbeidet med å realisere grillhytta. Hafslo IL og Hafslo bygdelag samarbeider også med Luster kommune om naturmøteplassen på Hafslo, der eit nytt flott kajakknaust kom opp sommaren 2022. Idrettslaget og bygdelaget har samarbeida om å måle kajakknaustet, og rakk første strøket før hausten kom. Målingsarbeidet vert sluttført vår/sommar 2023.

Hafslo IL har også samarbeidd med Hafslo sogelag om etablering av hestesportanlegg på Fluga. Det var stor stas og mykje folk på plass då leiar av Hafslo sogelag, Svein Solheim, opna anlegget 2. juli 2022. På førre årsmøte vart det oppretta ei hestesportnemnd, som har organisert hesteriding fleire gonger. Vi ser fram til vidare samarbeid med Hafslo sogelag om hestesportaktivitet.

Hausten 2021 vart det også sendt inn spelemiddelsøknad for langrennsanlegg (rulleskiløype + snøproduksjonsanlegg) ved Sogn skisenter. På ekstraordinær generalforsamling i Sogn skisenter 27. oktober 2022, vart det vedteke å utvide søknaden med lysanlegg i samband med fornying av

denne. Skisenteret står som søkjar av anlegget, med økonomisk støtte frå Hafslo IL og IL Bjørn. Skisenteret. Idrettslaga har dialog om å realisere dette anlegget.

Hafslo IL samarbeider godt med Sogn skisenter, Luster kommune og Hafslo barne- og ungdomsskule om å legge til rette for aktivitet i idrettslaget. Vi har gode treningsforhold for alpint, freeski og langrenn ved Sogn skisenter og innandørsaktivitet i gymsalen gjennom vinteren.

Trimgruppa si tilrettelegging av trimpostar og samarbeidet med bygdelaget og sogelaget om «stifadderprosjektet», bidreg også til gode turmoglegheiter. Vi har i tillegg flotte oppdaterte orienteringskart/løyper som både barneidrettsgruppa og trimgruppa er flinke til å nytte.

Hafslo IL er også engasjert i andre spanande anleggsprosjekt. Luster kommune har i 2022 arbeid med å utgreie grunnlaget for ein fleirbrukshall på Hafslo. På førre årsmøte vart det oppretta ei nemnd for fleirbrukshall. Idrettslaget har saman med kontaktperson Eirik Hoem hatt møte med kommunen og sendt innspel til budsjettet for 2023 og økonomiplanen 2023–2026 med oppmoding om å prioritere dette anlegget. Dette vert ei viktig sak for Hafslo IL i åra som kjem.

Hafslo idrettslag takkar alle som nyttar anlegga våre, og alle som bidreg med drift og vedlikehald. Takk også til alle som engasjerer seg og legg med mykje tid og frivillig innsats for å realisere nye anlegg. Vi takkar særskilt Luster kommune ved kultursjef Erling Bjørnetun for god rettleiing og hjelp med innsending og godkjenning av spelemiddelsøknadar. Det er kjekt å sjå nye anlegg bli realiserte, og er i ferd med å bli realiserte som følge av gode planar og systematisk arbeid over tid.

Aktivitet

Med unntak for nokre restriksjonar i byrjinga av året, har idrettsaktivitet endeleg vore gjennomført som normalt i 2022 etter at koronapandemien i større eller mindre grad har prega aktiviteten sidan mars 2020. Hafslo IL har hatt stor og god aktivitet i regi av dei ulike særgruppene. Det gjeld for aktive medlemmer i alle aldrar og funksjonsnivå, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg har mange personar vore involverte på vegner av idrettslaget i nemnder og grupper med ulike funksjonar.

Det meste av aktiviteten er basert på frivillig innsats og vert gjennomført på ein best mogleg måte innanfor rammene vi har. Mange gjer ein stor innsats gjennom året, og foreldreinvolvering er ein viktig faktor for at born og unge skal ha eit godt og variert aktivitetstilbod.

Særgruppene våre gjer ein flott innsats med å legge til rette for variert, god og meningsfylt aktivitet. Vi takkar særskilt alle tillitsvalde i gruppene, og alle andre som tek på seg ansvar som trenarar, oppmenn og andre støttefunksjonar. Det er heilt avgjerande for eit variert og godt aktivitetstilbod at nokon tek på seg ulike tillitsverv.

Aktivitetstilboda våre legg til rette for viktige sosiale møteplassar for mange, særleg born og unge. I 2022 fekk vi i samarbeid med Hafslovatnet 4H og Hafslo skule- og ungdomskorps bygdeutviklingsmidlar for arrangement for born og unge på tvers av lag og organisasjonar. Midlane vart brukte til to vellukka aktivitetsekveldar med mange deltakarar, mellom anna i samband med halloween. Samarbeid er viktig for aktivitet og møteplassar i bygda.

Samarbeid om aktivitet med andre idrettslag er også viktig. I år har vi hatt samarbeidslag med IL Bjørn og Kaupanger IL for jenter og gutar på ungdomsnivå, noko som har fungert svært godt. Vi har også samarbeidd med dei andre idrettslaga i kommunen både innan vinteridrett og handball. I 2022 hadde vi i tillegg eit godt samarbeid med dei andre idrettslaga i kommunen, Luster idrettsråd og Luster kommune om oppstart av stolpejakt. Det vart ein stor suksess med mange deltakarar i alle aldrar, og er eit prosjekt vi gler oss til å samarbeide vidare om og vidareutvikle.

I 2022 vart Lerum Cup arrangert for første gong sidan 2019. Det var spanande korleis dette ville fungere etter tre års pause, men viste seg å gå veldig bra. Vi samarbeidde godt med Sogndal Fotball og hadde stor aktivitet både på og utanfor banene i Moane. Vi takkar alle nøkkelpersonar for innsats med planlegging og organisering, og alle andre som bidrog med dugnad.

Vi må også takke Sogn skisenter som sørger for at vi kan gjennomføre skiaktivitetar på Heggmyrane. Vi har eit veldig godt samarbeid med skisenteret, og er takknemlege for at vi har gunstige avtalar for å kunne tilby skiaktivitetar så lenge vêret gjer det mogleg. Sogn skisenter legg godt til rette for best mogleg treningsforhold. Vi ser fram til vidare samarbeid både om aktivitetar og anleggsutvikling i åra framover.

Takk til alle tillitsvalde, trenarar, foreldre, supporterar og andre støttespelarar som gjennom året bidreg med dugnad, køyring og anna innsats kring dei ulike laga, gruppene og aktivitetane våre!

Avslutning

Interessene til Hafslø IL skal så langt som råd kombinerast med interessene til medlemene, interessene til andre lag og organisasjonar, bygdesamfunnet og Luster kommune. Vi føler vi langt på veg har fått til dette i 2022.

Hafslø IL skal tenkje langsiktig, både når det gjeld idrettsaktivitetar og økonomi. Vi har mange gode sponsorar som stiller opp. Dei gir oss eit godt og viktig økonomisk grunnlag for å nå måla våre. Idrettslaget har god økonomi, og dette skuldast i stor grad positive medlemmer som stiller opp på dugnad og som tek i eit tak for idrettslaget i samband med aktivitetar og arrangement. Vi takkar alle lokale bedrifter og støttespelarar som har hjulpet oss på ulike måtar.

Sjølv om mange stiller opp og bidreg, ser styret likevel at det vert stadig meir krevjande å fylle opp verv som tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og andre støttefunksjonar. Det er noko vi må jobbe særleg med, og vi trur det er viktig med god informasjon om kva det inneber å ta på seg ulike verv og oppgåver. Vi skal vedta ny organisasjonsplan for dei neste fire åra på årsmøtet, og vi håpar vi lukkast med å forankre denne på ein måte som gjer at vi klarer å rekruttere tillitsvalde framover. Det er også generelt viktig å setje høgt dei overordna verdiane til Hafslø IL. Dei skal vere tydeleg forankra i all aktivitet, blant medlemene, tillitsvalde og andre støttespelarar.

Styret takkar alle som på ulike måtar har vore med og halde aktiviteten i gang i 2022.

Styret i Hafslø idrettslag
16. januar 2023

Årsmelding frå stadionstyret

Styret

Birger Moene (leiar), Bjarni H. Valsson, Jonas Midtbø, Tore Ørbeck, Rolf-Johan Stranden



Arbeidet med klargjering og vedlikehald av baner og anlegg har vore planlagt og gjennomført på vanleg måte i 2022.

Kunstgrasbana var fri for snø i siste halvdel av april, og det vart gjennomført dugnad i veka etter påske med påstrøing av granulat for å framskande den siste snøsmeltinga. Bana vart teken i bruk til treningar så snart ho var klar, og første seriekamp (7-ar) vart spelt måndag 25. april. Det har som vanleg vore stor aktivitet på kunstgrasbana gjennom året, både med treningar og aldersbestemte kampar i regi av fotballgruppa. Bana vert også mykje brukt i skuletida og til uorganisert aktivitet elles. Siste treningane på kunstgrasbana vart gjennomførte i november. Bana har vorte slodda med jamne mellomrom gjennom sesongen.

Vi har kjøpt inn metallrister og kostar for tiltak i tråd med ny forskrift som blant anna skal hindre spreiring av gummigranulat frå kunstgrasbaner. Tiltaka vart ikkje prioriterte denne sesongen, men bør planleggjast og prioriterast når bana er fri for snø og vert teken i bruk våren 2023.

Palmesøndag 10. april vart det gjennomført dugnad med påstrøing av mold for å framskande snøsmeltinga på Hafslo stadion. Det hadde god effekt, og førte til at grasbana var fri for snø innan utgangen av april. Bana vart gjødsla og klargjort til treningar og kampar på vanleg måte. Første seriekamp på Hafslo stadion var måndag 9. mai (9-ar).

Dei siste åra har fotballgruppa hatt ei avtale med Sogndal Fotball om ansvar for drift og vedlikehald av deler av treningsfeltet, mot at Hafslo IL kan få nytte det til treningar og kampar ved behov. Både Hafslo stadion og treningsfeltet vart klargjort på vanleg måte fram mot Lerum Cup, og det var flotte speleforhold i Moane under årets turnering.

I løpet av mai og juni vart det også utført mykje dugnad på anlegget i Moane. Det vart rydda ein del skog, i tillegg til at vi fekk fjerna gamle mål og anna bos rundt om på anlegget. Rekkverket langs vegen vart rive og delvis erstatta med nytt ved klubbhuset. Det vart også gjort mykje kantslått, grusing av veg m.m.

Hafslo IL har mangla reint drikkevatt i Moane gjennom fleire år. Det var derfor veldig flott og viktig at vi fekk kopla oss på det kommunale anlegget i juni, slik at vi endeleg fekk reint drikkevatt i kranane.

Etter ein flott vårsesong, og vel gjennomført Lerum Cup, vart det av ulike årsaker litt utfordringar med regelmessig klypping av banene gjennom sommaren. Det førte til at det vart vel mykje gras å ta att før haustsesongen. Takka vere god dugnadsinnsats av mange, og at vi fekk låne grasklyppar med oppsamlar av Vidar Stølen, fekk vi klargjort Hafslo stadion til haustsesongens første heimekamp i 5. divisjon mot Sandane 14. august. Framover må vi sikre at vi har ein god plan for regelmessig klypping og stell av banene i sommarmånadane. Det vart likevel gode speleforhold på banene i Moane gjennom haustsesongen, og siste seriekamp var tysdag 4. oktober.

Anlegget i Moane og kunstgrasbana krev mykje og regelmessig vedlikehald. Det er mange som legg ned ein enorm innsats gjennom sesongen for å sikre at fotballaga våre har best moglege treningsforhold gjennom sesongen.

Stadionstyret takkar alle som har bidrege med dugnad og arbeid på anlegga i løpet av sesongen.

Styret i stadionstyret
Hafslo 22. januar 2023

Årsmelding hoppgruppa

Styret

Jon Ove Lomheim (leiar), Per Birger Lomheim, Ove Fredheim, Vegard Bondevik Lie, Geir Afdal, Ole Johnny Sie



Representasjon

Vår- og haustmøte hopp, Skikrinsen: Jon Ove Lomheim

Trening og aktivitet

Det er ikkje treningstilbod for aktive hopparar i idrettslaget. Erlend Sie var tilslutta «Granåsen hoppteam» (rekutteringgruppe i Trondheim) sist vintersesong. Dei andre reiser individuelt for hopping, litt på Voss, mest til austlandet. Jens Ese Eliassen og Jon Ove Lomheim deltok på skiforbundet si «Storsamling» 20.–24. juni i Vikersund (med trenarar og hopparar frå landslaget).

Hoppgruppa hadde tilrettelegging av hoppleik på onsdagscupen dei gongene det vart gjennomført. Frå februar var det nok snø i nye småbakkane K5-K10 og K19 for trening torsdag og laurdag. Det vart gjennomført tre hoppleik-konkurransar. I mangel av frivillige instruktørar så vart det ingen basistrening hausten 2022, slik skigruppene har hatt tidlegare år.

Resultat året 2022

Erlend Sie sitt beste resultat var Jordalsrennet RC-cup på Vinstra K70, 20.03: nr. 1 i klasse junior.

Ove Fredheim

- KM (Bulken K75, 06.03.2022) Krinsmeister seniorklassen
- NM for veteran (Vinstra K70, 20.03.2022): nr. 1 klasse 50-59 år

Jon Ove Lomheim

- KM (Bulken K40, 06.03) vinnar veteranklasse 30 år +
- NM for veteran (Vinstra K40, 20.03): nr. 6 klasse 60-69 år
- NM for veteran (Vinstra Kombinert, 20.03): nr. 1 klasse 60-69 år

Anlegg og dugnad

Nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter er eit stort dugnadsprosjekt for ei lita gruppe i laget. Entreprenør E. R. Melheim utførte grovplanering av K10- og K19-hoppbakke slik at hoppanlegget ved banktrekket kunne brukast frå februar 2022. Entreprenør skulle gjera ferdig arbeidet sommar-haust 2022, men med andre prioriterte oppdrag og tilleggsarbeid for grunneigar og skisenter, vert ikkje arbeidet ferdig før i 2023. Idrettslaget sin dugnadsdel i anlegg kan såleis ikkje fullførast før i 2023. Byggherrefunksjon og finansiering av K45-bakken på Nygardstre var ikkje tilstrekkeleg klargjort for søknad om spelemiddelgodkjenning 01.10.2022, men dette vert arbeid vidare med for søknad om spelemiddelgodkjenning i 2023. Hoppgruppa deltok med sine dugnadsressursar i Lerum-cup i juni, ei vesentleg inntekt for gruppa.

Oppsummering

Det er mykje arbeid for hoppgruppa med realisering av nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter. Dette er ikkje mogeleg utan støtte i idrettslaget, skikrins, kommune, bank med fleire som så langt har vore svært positive og såleis held oppe motivasjon for hoppgruppa til å realisera hoppanlegget. Det er gledeleg å kunne vera i gang i småbakkane med ny rekruttering til hoppporten, men rekruttering til nytt hoppmiljø i kommunen er ikkje realitet før rekrutteringsbakken K45 er bygt.


Hafslo 28. desember 2022

Jon Ove Lomheim, leiar i hoppgruppa

Årsmelding alpint og freeski

Styret

Frå førre årsmøte har vi konstituert eit styre førebels beståande av Nils Petter Solheim, Lars Håkon England og underteikna. Trass i manglande kjønnskoting fungerer styret overraskande godt, med antydning til faste vervsoppgåver knytt til IKT, aktivitet, økonomi og trening. Vi har behovsretta møteaktivitet.



Treningar

Treningane sesongen 21/22 har hatt ei enorm utvikling. Både gjennom trenarapparatet bestående av Morten Kjos, Kjetil Melheim, Martin Buch Larsen, Frode Aanes, Martin Venedik og underteikna, og ikkje minst gjennom utøvarane. Deltakarane frå 3. klasse og oppover viser framgang både gjennom deltakarmengd og dugleik. Fjoråret vart toppa med ca. 50 oppmøtte til eit klubbmeisterskap med alt frå hopp til hockey med individuelle attendemeldingar, i tillegg til ein heidundrande afterski for alle.

Aktivitet og arrangement

Gjennomføring av aktivitet og deltaking på arrangement ber nok preg av utviklinga til skiidretten, og korleis utstyr og globalisering i høgste grad også har dukka opp på Hafslo. Meir om dette under utvikling og målsetjing. Aktiviteten har stort sett vore knytt til treningar, der vi har gjennomført hyggelege og uformelle konkurransar med lystbetont fokus.

Dugnad

Dugnadsdeltaking er ein flott, men òg ein utfordrande ting. Vi har hatt foreldre som har delteke på alt fra instruksjon på treningar, vakt på Lerum cup, polstring og ulike ad-hoc oppdrag frå Sogn skisenter. Det er mange som stiller seg villige til å gjere ein innsats her, men det er ofte òg dei same som stiller seg villige til dugnad i andre grupper, og såleis er slitasjen eit faktum. Takk til alle som har delteke på dugnad, dette betyr masse.

Økonomi

Vi har utgifter i form av faste avgifter til Sogn og Fjordane skikrins og leige av Sogn skisenter. Inntekt har vi gjennom dugnad og medlemsavgift.

Utvikling og målsetjing

Tilbake til utstyr og globalisering. Vi har nok ei skitrening utanom det vanlege, og ganske sikkert ikkje i tråd med verken skiforbund og skikrins sin strategi for rekruttering og aktivitet. Faktum er at vi aktivt prøver å ha eit meistringsorientert fokus meir enn eit prestasjonsorientert fokus. Vi ynskjer å gje utøvarane eit best mogleg utgangspunkt for å skape si eiga livslange aktivitetsglede, gjennom å gjere dei til både flinke og leikne skikøyrarar.

Sogn og Fjordane og ikkje minst Hafslo er ein fantastisk plass å drive med skiaktivitet. Mykje på grunn av høgskulen og den globaliserte påverkinga som kjem med denne, vinklast skiaktivitet meir og meir over mot ei leiken og sosialisert skikøyring, ikkje ulik skikulturen i Alpane og Nord-Amerika. Ein skikultur, der konkurranse er underordna, og heller sterke band mellom venner med lik interesse, og familiær aktivitet er styrande. Såleis er dette heilt i tråd med aktiviteten på Hafslo, der Sogn skisenter er ein viktig sosialiserings- og aktivitetsarena for heile familien på vinterstid. Vi ynskjer å følgje opp dette med å gje utøvarane våre aktivitet prega av variasjon, motivasjon og ikkje minst kreativitet som stimulerer til aktivitet utover treningane vi legg til rette for.

Vi set pris på korleis Hafslo idrettslag har vist interesse for og oppslutning rundt det vi driv med. Sidan vi delvis bryt med den tradisjonelle norske skikulturen, og det som kanskje er forventa av konkurransar, er ikkje dette sjølvst. Så lenge utøvarane gjev uttrykk for å vere motiverte, og at dei har ei utvikling på ski, kjem vi til å fortsette å ha fokus på trivsel, sosialisering og meistringsorientert aktivitet. Når dette er sagt, så skal vi sjølvst hjelpe dei som måtte ynskje å gå vidare med ei satsing så langt det let seg gjere.

Vegen vidare

Årets sesong er godt i gang. I år har deltakinga auka noko enormt, mellom anna gjennom oppstarten av aktivitet for 1. og 2. klassingar i barnetrekket. Vi har difor fått med oss Arthur Bremer Brynjulfsen, Mads Liestøl Christensen og Ask Aaberge på trenarlaget. I tillegg har fleire

foreldre har sagt seg villige til å bidra. Vi har òg planar om forhåpentlegvis å supplere den vanlege skiaktiviteten med renn, afterski, foreldreopplæring og heispåstigingskurs for oldemødre.

Takk til

Alle utøvarane som er heilt rå på ski. Foreldre som er der på øktene og bidreg med det meste. Styret i Hafslo IL som held eit grep om økonomien slik at vi kan drive med det vi kan. Sogn skisenter som legg til rette for aktiviteten. Luster sparebank som bidreg med støtte. Og ikkje minst trenarar og styret i alpint og freeski-gruppa. Om vi har gløymd nokon ber vi om orsak.

På vegne av Hafslo alpint og freeski
Lars Olav Halleråker

Årsmelding fotballgruppa

Styret

Norill Terese Norheim (leiar og dommaransvarleg), Karita Nes (nestleiar), Elin Anette Hillestad (FairPlay-ansvarleg), Ann Kristin Torgersen (miniputtansvarleg), Camilla Bremer (materialforvaltar), Hans Olav Hellesøe (materialforvaltar), Jan-Erik Røneid (styremedlem)



Styret har hatt 4 møte og handsama 18 saker i 2023. Me har også hatt samarbeidsmøte med IL Bjørn og Kaupanger IL for å få på plass samarbeidslag. 26.–27. november deltok Norill Terese Norheim på Miljøhelga til Sogn og Fjordane fotballkrets. Det var leiar møte og dommarsamling.

Seniorfotball

Hafslo har hatt eit seniorlag i 5. divisjon for herrar denne sesongen. Seniorlaget har hatt ein fin sesong der dei berga plassen i 5. divisjon og er klare for ny sesong.

Trenarar: Jone Fylling, Joar Duesund og Johan Salvesson. **Lagleiar:** Ove Midtbø.

Aldersfastlagd fotball (10–17 år)

Hafslo har hatt sju lag i aldersfastlagd fotball denne sesongen.

Gutar 10 år

Trenar: Styrk Hofslundsengen. **Lagleiar:** Tonje Torgersen.

Har spelt 7-ar-fotball gjennom sesongen og deltok på EatMoveSleep-turnering i Sogndal.

Gutar 11 år

Trenar: Tommy Stein. **Lagleiar:** Robin Frichsen.

Har spelt 7-ar-fotball gjennom sesongen.

Gutar 12/13 år

Trenarar: Norill Terese Norheim, Kurt Heggstad, Gøran Sjølie Af Geijerstam og Styrk Hofslundsengen

Lagleiar: Anne Therese Moen

Har spelt 9-ar-fotball gjennom sesongen. Deltok på Lerum-cup og Norway-cup, to fine turneringar.

Jenter 13 år

Trenar: Jannike Skår. **Lagleiar:** Janne Grønbech.

Har spelt 9-ar-fotball gjennom sesongen.

G15 Hafslo/Kaupanger

Trenar: Kurt Norheim. **Lagleiar:** Elin Anette Hillestad.

G15 har hatt samarbeidslag med Kaupanger sesongen 2022. Dei har hatt eit godt samarbeid der dei har hatt trening på både Hafslo og Kaupanger gjennom sesongen. Laget var med på Norway Cup, og hadde ei fin veke der.

Jenter 15 år – samarbeidslag med IL Bjørn og Kaupanger IL

Trenar: Bernt A. Elle (IL Bjørn), Eirin Haukøy (KIL), Åse Neraas (KIL) og Espen Bolstad (IL Bjørn)

Lagleiar: Margrethe Sjøhoel (HIL) og Trude Ness (KIL)

Samarbeidslaget har hatt ein flott sesong. Jentene frå alle klubbane har hatt eit godt tilbod og ein god utviklingsarena. Dei har spelt i 1. divisjon for J15 og kniva heilt i toppen av tabellen både vår og haust. Under Lerum Cup vann laget klassa si, J14-9-ar. Laget deltok også på Norway Cup og kom heilt til semifinalen i J14-klassen, 11-ar. Her var det eit knepent tap, men dei slo tilbake og vann bronsefinalen. Kjempeflott innsats, og fotballgruppa og Hafslo IL er stolte av prestasjonen.

Miniputt (6–9år)

Miniputtansvarleg: Ann Kristin Torgersen

Det er om lag 70 ungar i alderen 6–9år som har delteke på treningar og turneringar for miniputtar gjennom sesongen 2022. Det vart arrangert turnering i Lærdal, Aurland, på Hafslo og på Kaupanger. Hafslo har hatt mellom 12 og 14 lag påmeldt på dei ulike turneringane denne sesongen. Gutar 9 år og jenter 9 år deltok også på frivillig seriespel gjennom sesongen.

Miniputtturnering på Hafslo 28. august

66 lag og ca. 330 spelarar var melde på turneringa, som varde frå kl. 11 til kl 15. Tema var «sunne kioskløysingar». Det var ein flott og solrik dag i Moane med god aktivitet og mange flinke frivillige.

Miniputtлага

Gutar 6 år

Trenar: Marius Drægri

Lagleiar: Helen Wangsvik

Jenter 6 år

Trenarar: Bente Skildheim Nes

Lagleiar: Signe Rauboti

Gutar 7 år

Trenar: Hans Martin Bjørkvoll

Lagleiar: Jeanett Skjerven

Jenter 7 år

Trenar: Janne Grønbech og Jan Inge Engebø

Lagleiar: Olav Einan

Gutar 8 år

Trenarar: Marius Sviggum

Lagleiar: Hanne Loen Stranden

Jenter 8 år

Trenar: Silje Christine Indrebø Nygård

Lagleiar: Birthe Johanne Fredheim Finstad

Gutar 9 år

Trenarar: Anja Renate Buskaker og Richard Nes

Lagleiar: Anne Lene Sygna Halleråker

Jenter 9 år

Trenarar: Silje Kauppi Rørvik og Kjell Arild Høyum

Lagleiar: Ann Kristin Torgersen

Sone/kretslag

Hafslo IL har hatt fleire spelarar med på sone og kretslag denne sesongen.

- Synnøve Røneid har vore med på kretslaget til J14. Ho har også vore med på Sognett-akademiet til Sogndal FK.
- Johannes Olai Nes og Gustav Ruud har vore med på soneaktivitet for G13.
- Gustav Ruud var med på kretslaget til G13 i vår.
- Mathias Johnsen Af Geijerstam og Julian Heggstad var på sonelagsaktivitet for G12.
- Mathias Johnsen Af Geijerstam var tatt ut på kretslaget til kull 2010 rett før jul.

Laurdagstrening

Laurdagstreningane har også vore arrangerte i sesongen 2022 for born og unge frå 10 år og oppover. Det er eit tilbod for dei som ønskjer ekstra trening, der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar. Det har vore påmeldt 10–15 deltakarar på dei øktene som har vore gjennomførte denne sesongen. Kurt Heggstad har hatt hovudansvar for treningane.

Lerum Cup 2022

Det vart arrangert Lerum Cup i Moane 24.–26.juni. Det var mange frivillige i sving denne helga, og me takkar alle for innsatsen. Mykje god aktivitet, og Hafslo IL hadde 4 lag påmeldt til turneringa. Samarbeidslaget Hafslo/Bjørn/Kaupanger gikk heilt til finale i J14 – 9-ar, og vann heile turneringa. Fotballgruppa gratulerer. Dei andre laga som var med på turneringa var G10, G11 og G13.

Tine Fotballskule Hafslo 3.–4.september

I år måtte årets Tine fotballskule utsetjast frå siste veka av skuleferien til første helga i september på grunn av mangel på instruktørar. Det førte nok til litt færre deltakarar enn vanleg, men dei 36 deltakarane hadde ei flott fotballhelg i strålande vêr i Moane 3. og 4. september. Takk til alle dei

supre fotballungdomane og seniorspelarane som stilte som instruktørar, og til Karita og hjelparane som sørger for ekstra god stemning med servering av frukt og grillmat til alle på avslutningsdagen.

Dommarar

Hafslo IL har hatt tre dommarar i kretsregi denne sesongen: Norill Terese Norheim, Anna Maria Bremer og Oda Bjelde. Geir Arne Kvam er dommarrettleiar i kretsen. Anna Maria Bremer har hatt tre dommaroppdrag i kretsen i løpet av sesongen. Norill Terese Norheim har hatt 36 dommaroppdrag og Oda Bjelde har dømt 29 kampar i kretsen i løpet av sesongen 2022. Me har hatt mange dommarar i klubben i år, som har fått oppfølging av dommaransvarleg og Geir Arne Kvam. Fotballgruppa set stor pris på hjelpa frå Geir Arne i utviklinga av dommarane me har. Norill Terese Norheim, Anna Maria Bremer, Vegard Bondevik Lie, Storm Frattasio Skår og Nikolai Solheim deltok som dommarar under årets Lerum cup.

Oppsummering

Det er god aktivitet i fotballen på Hafslo. Me takkar alle foreldre, trenarar og andre ressurspersonar som bidreg til at dette let seg gjennomføre: me er heilt avhengige av dykk for å gje tilbodet me har. 2022 var ikkje vore prega av korona, og me har endeleg fått oppleve ein normalsesong igjen. Me fekk arrangere Lerum Cup med god aktivitet i Moane. Det er mange flotte born og unge i idrettslaget som kosar seg med fotballaktivitet gjennom ein fotbalsesong.

Årsmelding barneidrett

Styret

Ann-Kristin Gjerde (leiar), Terje Brunborg og Janne Grønbech (nestleiarar)



Barneidrettsgruppa består av leiar og nestleiarar. All idrett er organisert av HIL og er for barn opp til 12 år. Fokuset til barneidretten er at idrett skal vere for alle, og det skal vere kjekt. Det skal vere variert slik at ungene skal få prøve seg i forskjellige aktivitetar.

Året starta som det pleier med skicupen på Heggmyrane for vår del. Litt kaldt i starten, men me kom oss i gang og fekk godt oppmøte også i år. Litt pandemiprega var det fortsatt, so me fekk ikkje satt i gang med servering av varm saft i år heller. Me har hatt eit godt samarbeid med hoppgruppa, som har resultert i litt hoppleik ein del onsdagar, noko som er veldig populært og kjekt. I 2022 var det 82 ungar som deltok på skicupen, det er veldig bra! Me har ikkje hatt noko krav om å vere med visst mange gonger for å få premie, her er premie til alle som deltek. Me trur og håpar at det gjer terskelen lågare og dermed rekrutterar fleire til ski og skileik. På avslutninga/premieutdelinga var me ved grillhytta på Heggmyrane, me grilla pølser og serverte drikke. Mange hadde med seg ski og akebrett og kosa seg i bakken. Premiane i år var reflekssele og «telenor-hue».

I vår og haust vart det arrangert tur med stolpejakt, felles leik på skuleplassen, sykkel på raudebana. Det var òg friidrett i samarbeid med Katrin, og me var med på orientering i regi av Sogndal idrettslag ved Karin Street og ein tur med refleksjakt på naturstien i Moane. Etter haustferien hadde me aktivitet inne i gymsalen. Barneidrettsgruppa og idrett for alle ønska samma tid i gymsalen, so då samarbeida me, og delte slik at me hadde annankvar torsdag. Hjø oss delte me tida vår i to omgangar, ei gruppe for 1.–4. klasse og ei gruppe for 5.–7. klasse etterpå, men med same aktivitet.

Aktivitetane var blant anna kanonball, innebandy, og Lars Olav var kjekk og tok ein ny runde med den populære skateboard-økta si. Over 40 ungar møtte på det meste, størst oppmøte hadde me frå 1.–4. klasse. Me brukte Facebook for å informere om aktivitetane, og påmelding i kommentarfeltet for å få litt oversikt og planlegging gong for gong. Størst oppmøte ser ein nok på skicupen og aktivitetar etter haustferien fram til jul, det heng nok saman med at andre aktivitetar då har pause. Småbarnstrimmen går i gymsalen kvar tysdag, (følger skuleåret) for barn i alderen 0–5 år. Det er uorganisert leik, der har me fire frivillige kvart halvår som deler på opplåsinga. Liste og organisering er gjort av leiar i barneidretten.

Takk for eit godt år!

Årsmelding trimgruppa

Styret

Terje Brunborg (leiar), Monica Heggstad, Adrienne Kvam, Kjell Arild Høyum, Sandra Nesse Sjøhoel, Katrin Læg Reid Nes



Styret har hatt tre styremøte dette året. Styret ynskjer gjerne innspel frå medlemmane om ting me skal jobbe med å få til i trimgruppa vidare.

Volleyballgruppe

Det har vore volleyballtrim for jenter/damer heile året, med variabelt oppmøte. Gruppa søkte om bygdeutviklingsmidlar frå Hafslo bygdelag og fekk 50 000 kr. Vi kjøpte nye stenger, nett til gymsalen og 26 nye ballar, dei fleste til felles bruk for alle som nyttar gymsalen. Det har òg vore lagt ut ballar til allmenn bruk ved utevolleyballbana gjennom sommaren. Ca. 15 personar har delteke, i alderen 15–66 år. Rine Kvam og Tonje Grønstad har vore nøkkelansvarlege.

Idrett for alle

Gruppa hadde i år 4 utøvarar, 3 hovudinstruktørar, og 8 medhjelparar. Det vart gjennomført treningar annankvar torsdag i periodane januar til påske og haustferie til jul. Treningane er

leikbetonte der ein mellom anna førebur deltakarane på øvingar i Løveleikane og Byrkjelo-leikane. Alle deltakarane fekk gåve frå idrettslaget på haustmarknaden, og det vart i haust arrangert sosialkveld for instruktørane med foredrag av Tonje Norheim.

Trimnian

Dette er den største jobben for trimgruppa. Trimgruppa har 22 postkassar med trimbøker, som kven som helst kan skriva seg i. I tillegg kan ein registrere turar i Georeg, eller Postkassetrimmen (ny frå november 2022). Postane våre har vore godt besøkte, men det var færre som leverte trimskjema i 2022 enn året før. I 2022 fekk 11 ungar premie for å ha registrert minst 150 poeng, og me hadde 15 vaksne som fekk deltakarpremie. Me delte i tillegg ut fem gåvekort på 500 kroner kvar, som vart trekte mellom alle som hadde levert skjema. Me håper at fleire leverer inn trimskjema i 2023. Me delte ut premiane våre på haustmarknaden.

Idrettsmerket

Gruppa tilbyr medlemar å ta idrettsmerke. Per Birger Lomheim og Astrid Veum tok merket i 2022.

Stifaddergruppa

Stifaddergruppa er eit samarbeid mellom trimgruppa, Hafslo bygdelag (administrator) og Hafslo sogelag. Bjarne Venjum er koordinator og gjer ein flott jobb for å holda arbeidet i gang. Gruppa starta opp hausten 2018 og har no fungert i fire år. Ein god del stiar er merka og rydda. Ein har fleire stiar på planen, og dei ein har rydda og merka må haldast ved like. Trimgruppa stiller med 3 stifadrar. Desse har jobben so lenge dei vil.

Stolpejakt

Trimgruppa har vore med og sett ut og henta inn stolpar i samband med Stolpejakta, som i 2022 blir leia av Luster kommune og Luster idrettsråd. Stolpejakta har vore eit populært tiltak, og planen i 2023 er at trimgruppa skal ha eit større ansvar for stolpejakta på Hafslo.

Hafslo 31. desember 2022

For trimgruppa, Terje Brunborg

Årsmelding handballgruppa

Styret

Sandhya Karlsen Holene (leiar), Monica Alvestad Reime, Anne Lena Sygna Halleråker

Det er for tida mange handballspelarar på Hafslo i aldersgruppa 2.– 9. klasse, og vi opplever god rekruttering frå fleire aldersgrupper. Vi har eit godt samarbeid med IL Bjørn, og alle spelarar frå og med 3. klasse er tilmeldt IL Bjørn og spelar for dei.

Jenter fødde i 2011, 2010 og 2009 er ei aktiv og stabil gruppe med totalt 19 spelarar som trenar inntil tre gonger veka i sesong, og ein gong i veka sein vår og tidleg haust. To treningar er i Gaupne og ei på Hafslo. Totalt er 14 av dei 19 spelarane i denne gruppa frå Hafslo/Solvorn. Denne hausten har vi fått to nye spelarar f. 2010. Vi har i sesongen 21/22 og 22/23 hatt to påmelde lag, eitt for jenter fødde i 2010 og 2011, og eitt for jenter fødde i 2009. Våren 2022 var begge laga på Voss cup, noko som var svært kjekt. Det har elles vore spelt mange kampar både vinteren 22 og hausten 22. Dei fleste kampane har vore jamne og spanande, sjølv om det òg har blitt ein del tap. Det er god stemning i gruppa, med mange engasjerte og utviklingsorienterte spelarar. Fleire spelarar har delteke på dei regionale utviklingsamlingane som kretsen arrangerer ein gong i månaden.

Monika Alvestad Reime er trenar for desse to laga, Ingvild Midtun Kjos er lagleiar for jenter f. 2009 og Anne Lene Halleråker er lagleiar for jenter f. 2010 og 2011 (sesongen 22/23). Aslaug Øydvin var lagleiar for denne gruppa sesongen 21/22.

Jenter og gutar f. 2015 starta med trening på Hafslo hausten 2022: fire treningar før jul og no fast ein dag i veka. Mellom 10 og 15 ungar deltek. Det er planlagt å melde på lag til miniturneringar med eit reint Hafslo-lag. Janne Grønbech er trenar og Sandhya Karlsen Holen medtrenar/lagleiar.

Elles er det ein spelar frå Hafslo på Bjørn jenter f. 2008 og 4 spelarar frå Hafslo på Bjørn jenter f.2012 og 2013. Desse trenar i Gaupne og har trenar(ar) frå IL Bjørn.

Det har vore viktig for handballgruppa å nytte gymsalen på Hafslo til treningar, både i og utanfor sesong. Dette både for å få til fleire treningar og å redusere køyring. Samtidig er vi avhengig av samarbeidet med IL Bjørn både for å sikre rekruttering og tilgang til hall i rett storleik. Handballen er viktig for mange barn og unge på Hafslo, og vi er glade for støtte frå Hafslo idrettslag både for treningstid i gymsalen og støtte til nødvendig utstyr. Den store interessa for handball aktualiserer også behovet for ny fleirbrukshall på Hafslo med bane i full handballstorleik.

Handballgruppa,
v/ Monika Alvestad Reime